

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.11.2019

Vår ref.: 201840178-18

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Høyring av justering av søknad om konsesjon etter vassressurslova § 8 for tilleggsregulering av Brakedalsvatnet i Bømlo kommune

NVE har mottatt justert søknad frå Brakedal Settefisk, datert 24.10.2019, om konsesjon etter vassressurslova for tilleggsregulering av Brakedalsvatnet. NVE sender justert søknad på avgrensa høyring til høyringspartar som har uttalt seg om saka.

Bømlo Vatn og Avlaup hadde i høyringsrunda motsegn til overføring av Laukkjærtjørna, som er ein del av Hollundsvassdraget og dermed inngår i nedbørfeltet til Bømlo Vatn og Avlaup sitt kommunale vassverk knytt til Hollundsvatnet. Brakedal Settefisk AS endrar søknaden om konsesjon slik at det, i staden for oppdemming og overføring av Laukkjærtjørna til Brakedalsvatnet, no vert søkt om konsesjon for å bygge ein ny demning mellom Brakedalsvatnet og Laukkjærtjørna. Kopi av justert søknad ligg vedlagt, de finn også justert søknad på saka si nettside,

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=6609&type=V-2>.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk til nve@nve.no så snart som råd og seinast innan **21.11.2019**. I tillegg kan ein sende uttalar per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Vedlegg: Justert søknadsbrev
 Justering av søknad med prinsippskisse

Mottakarliste:

Bømlo kommune
Bømlo Vatn- og avløpsselskap AS
FYLKESMANNEN I VESTLAND
Hordaland fylkeskommune